



MØTEPROTOKOLL

Utval	Formannskapet
Møtedato	08.03.2018
Møtestad	Formannskapsalen , Rådhuset
Møtetid	17:00 – 21:00

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Hans Inge Myrvold	Varaordfører	SP
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Sølvi Ulvenes	Medlem	H
Gerd Laura Bondhus	Medlem	SP
Marit Aarthun	Medlem	KRF
Hilde Enstad	Medlem	AP
Ove Lemicka	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Bernth Harry Eliassen	MEDL	AP
Peder Sjo Slettebø	ORDFØRAR	H

Følgjande varamedleamar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Øyvind Lernes	Peder Sjo Slettebø	H
Gretha Rød	Bernth Harry Eliassen	AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar:

Varaordfører:

- Fjelbergsambandet
- Klagehandsaming Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger
- Interimstyret i Fjelbergsambandet AS og rådmann i møte hos Samferdselsdepartementet.
- Ferjeavløysingsmidlar.

- Nytt møte for ordfører (denne gong varaordfører) i Oslo 9.3 om regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. På dette møtet deltar også Monica Mæland, Tysnes, Austevoll, Fitjar, Sveio og Kvinnherad, i tillegg motpart i saka som er Hordaland Fylkeskommune.

Rådmann:

- Sunnhordlandstreff i Bergen 11.april.
- Generalforsamling i OPRO (verna bedrift på Stord) 4.april
- Generalforsamling i Vegfinans 21.mars
- Hordfast – rådmann utarbeider sak
- Norges Speidarforbund – 2021 Landsleir. Rådmann utarbeider sak.

Permisjonar:

Etter at saklista var ferdigbehandla:

Frå kl. 19:50 – Gerd Laura Bondhus, Sp

Frå kl. 20:05 – Sølvi Ulvenes, H

Inhabile:

Ingen.

Evt. endring på saksrekkefølge:

Ingen.

Tilleggssaker:

2018/21 – Uttale – Akvakultur - Slåttenes – Marine Harvest Norway AS

Spørsmål frå:

Gretha Rød, Ap:

Spørsmål 1:

Korleis er bemanninga ved sjukeheimane, spesielt heimetenestene på Husnestunet. Kor stort er sjukefråværet og er bemanninga god nok?

Ber også om informasjon om kor stor fridom tilsette i kommunen har til å uttale seg i pressa.

Ordfører svara:

Situasjonen ved bemanning heimebaserte tenester sør:

For tida slit vi med å klare å dekke alle oppgåvene vi har i høve til auka behov for tenester.

Arbeidslistene er fulle, og vi merkar godt av det er sjukare pasientar vi har i heimane rundt om i heile distriktet. For tida manglar vi også 2,7 årsverk som sjukepleiar i gruppene i Husnesområdet.

Vi prøver å koordinere med Halsnøygruppa for å få dette til på beste måte.

Situasjonen sjukdomsfråvær:

Sjukefråværet vårt var i gjennomsnitt i 2017 på 12,1% - med stor variasjon mellom dei ulike gruppene. Det er først og fremst langtidsfråvære det handlar om, og det er stort sett personar med alvorlege sjukdomar. Vi har ei god individuell oppfølging i høve til sjukefråværet vårt.

Fridom for tilsette til å uttale seg til pressa:

Ordfører finn ikkje grunn til å besvare dette spørsmålet, då dette er stilt ei rekkje gonger før, og

besvart då.

Alle har yringsfridom i samfunnet. Kvinnherad kommune har klare retningslinjer for kva tenestevei ein skal gå i kommunen, for å melde ifrå om forhold som ein ynskjer å ta opp og sjå nærare på.

Dette gjeld og for pasientar og pårørande.

Spørsmål 2:

Status ny idrettshall på Husnes?

Rådmann svara:

Er i sluttprosessen på reguleringsplanområdet.

Frå Hilde Enstad, Ap:

Viser til brev sendt til formannskapet sine medlemmer frå Ståle Kaldestad. Ber om at det vert høve til å diskutera innhaldet i brevet når formannskapet er samla.

Konklusjon på diskusjonen:

Formannskapet tar saka til vitande. Vidare kjøpsprosess vert ikkje aktuelt no.

Frå Ove Lemicka, Frp:

Syner til interpellasjon til kommunestyret angående trafikksikkerheit på Sunde, og spesielt rundt Viking Fjord med tungtrafikk/mjuke trafikantar.

Rådmann svara:

Det har vore kontakt med Vikingfjord angående trafikksituasjonen.

Det vil komme eit notat til formannskapet 12.april.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2018/18	Slutthandsaming - Kommuneplan for Kvinnherad 2018 - Arealdelen
PS 2018/19	Oppgradering av Ølve alderspensjonat til Risikoklasse 6 og etablering av sprinkleranlegg
PS 2018/20	Kollektivknutepunkt Rosendal
PS 2018/21	Uttale -Akvakultur - stamfisk lask og aure, arealendring på lokalitet - Slåttenes - Marine Harvest Norway AS Refererte skriv
RS 2018/5	Referat frå møte i Samarbeidsrådet 2 februar
RS 2018/6	Møtebok for ekstraordinær generalforsamling i Jondalstunnelen AS 6. februar 2018.

PS 2018/18 Slutthandsaming - Kommuneplan for Kvinnherad 2018 - Arealdelen Behandling i Formannskapet den 08.03.2018

Rådmannen si innstilling vart samrøystes.

Innstilling frå Formannskapet den 08.03.2018

1. Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 forslag til Kommuneplan for Kvinnherad 2018 – arealdelen.
 2. Kvinnherad kommune skal starte arbeidet med ny rullering av arealdelen, og rådmannen lagar framlegg til prosjektplan for ny kommuneplan med areal- og samfunnsdel til formannskapet og kommunestyret i april 2018.
- Rådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i planframlegget etter handsaming i formannskapsmøtet og fram til kommunestyret si handsaming.

PS 2018/19 Oppgradering av Ølve alderspensjonat til Risikoklasse 6 og etablering av sprinkleranlegg

Behandling i Formannskapet den 08.03.2018

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 08.03.2018

1. *Ølve alderspensjonat endrar status frå Risikoklasse 4 til Risikoklasse 6.*
2. *Rådmann kan straks gå i gong med å utarbeida konkurransegrunnlag samt lysa ut prosjektet i DOFFIN.*
3. *Finansiering vert gjort ved låneopptak i revidert budsjett inntil kr.1 700 000.-.*

PS 2018/20 Kollektivknutepunkt Rosendal

Behandling i Formannskapet den 08.03.2018

Rådmannen si innstilling vart samrøystes.

Innstilling frå Formannskapet den 08.03.2018

1. Rådmannen får fullmakt til å etablere «Kollektivknutepunkt Rosendal» med ny kaifront, infrastruktur og terminalbygg slik det framgår av saksutgreiing.
2. Prosjektet vert fullfinansiert med midlar avsett til «Kvinnheradpakken».

PS 2018/21 Uttale - Akvakultur - stamfisk lask og aure, arealendring på lokalitet - Slåttenes - Marine Harvest Norway AS

Behandling i Formannskapet den 08.03.2018

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 08.03.2018

Formannskapet i Kvinnherad rår til at Marine Harvest AS får løyve til utviding av arealet frå 8 til 10 stålbur MTB på lokalitet Slåtteneset som omsøkt.

Refererte skriv

RS 2018/5 Referat frå møte i Samarbeidsrådet 2 februar Referat frå møte i Samarbeidsrådet 2 februar

RS 2018/6 Møtebok for ekstraordinær generalforsamling i Jondalstunnelen AS 6. februar 2018. Møtebok for ekstraordinær generalforsamling i Jondalstunnelen AS 6. februar 2018.